

# VEDTEKTER FOR FORELDRERÅDET VED BREMNES UNGDOMSSKULE

**Desse vedtektene er vedtatt på foreldrerådsmøte ved Bremnes Ungdomsskule  
11.nov. 2013.**

- § 1. Alle foreldre som har barn ved Bremnes Ungdomsskule er medlemmer av foreldrerådet
- § 2. Opplæringslova § 11-4 fastset foreldrerådet sine oppgaver.  
Sitat:  
”Foreldrerådet skal fremje fellesinteressene til foreldra og medverke til at elevar og foreldre tek aktivt del i arbeidet for å skape godt skulemiljø. Foreldrerådet skal arbeide for å skape godt samhald mellom heimen og skulen, leggje til rette for trivsel og positiv utvikling hjå elevane og skape kontakt mellom skulen og lokalsamfunnet.”
- § 3. Foreldrerådet skal ha årsmøte innan utgangen av november. Årsmøtet skal innehalda årsmelding, godkjenning av rekneskapen og val av revisor.
- § 4. Foreldrerådet skal ha eit arbeidsutval; FAU, vald etter ”Retningslinjer for foreldrearbeidet ved Bremnes ungdomsskule”. FAU er det øvste organet utanom foreldrerådet.
- § 5. Organisering av foreldrearbeidet er nedfelt i ” Retningslinjer for foreldrearbeidet ved Bremnes ungdomsskule”
- § 6. Det skal gjerast forsøk å få til ei tilnærma lik kjønns messig fordeling ved alle val av representantar for foreldre.
- § 7. Foreldrerådet kan verta kalla saman dersom FAU eller eit fleirtal i eit av trinnforeldremøta vedtek det, eller om skulen sin rektor bed om det. Innkalling til foreldrerådet skal sendast ut av FAU og skal innehalda saksliste med saksførelegg og forslag til vedtak. Innkallinga skal sendast ut seinast to veker før møtet.
- § 8. Vedtak i foreldrerådet og andre av foreldra sine organ skal fattast som fleirtalsvedtak. Ved likt stemmetal skal det haldast loddrekking om utfallet. Dette gjeld ikkje i FAU der leiar har dobbeltrøyst.
- § 9. Foreldrerådet er foreldra på Bremnes Ungdomsskule sitt øvste organ. Vedtak i foreldra sine andre organ, kan setjast til side av eit vedtak i foreldrerådet av eit fleirtal i dette, dersom minst 30% av medlemmene er til stades på møtet.
- § 10. Vedtektsending krev 2/3 fleirtall av frammøtte på årsmøtet.